

Referat frå foreldrerådsmøte 18.09.17 – Austebygd skule.

1. Saker frå FAU:

-FAU leiar, Jannike S. Nordanger, las årsmeldinga for 16/17 (vedl. til referatet). Ho kunne også opplysa om at FAU jobbar med saka om å få småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage, status her er at det skal setjast av pengar i 2018 budsjettet til å utgreia dette.

-kasserar, Marit Ystebø, orienterte om rekneskapen som gjekk med 13.000 kr. i overskot.

-FAU har konstituert seg slik: Jannike S. Nordanger har takka ja til å vera leiar for skuleåret 17/18, Jan Ove Brandsæter har takka ja til å vera nestleiar og Marit Ystebø har takka ja til å vera kasserar. Jannike og Jan Ove deler på skrivevervet.

Medlemer i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet:

medlem: Jannike S. Nordanger

personleg vara: Jan Ove Brandsæter

medlem: Trine C. Evensen

personleg vara: Renate Thomassen.

-Andre saker: det kom spørsmål om FAU har drøfta korleis 17. mai skal organiserast i 2019 (då det er få elevar i noverande 4. klasse). Det kom forslag om at FAU kallar inn til eit møte der ein drøftar 17.mai organiseringa.

2. **Info. frå rektor om dei nye reglane i kap.9a i Opplæringslova; vedr. elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø.**

Frå 1. august 2017 vart det endringar i Opplæringslova kapittel 9a,- det kom nye reglar om elevane sitt skulemiljø. "Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring", heiter det i Opplæringslova § 9A-2.

Nulltoleranse er innført som eit omgrep i lovteksten. Det er eleven sin oppfatning som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt. For å sikra eleven sin rett, så har skulane fått ei utvida aktivitetsplikt. I tillegg kjem krav til dokumentasjon.

Skulen si aktivitetsplikt er delt inn i 5 delplikter: plikt til å følgja med -plikt til å gripa inn -plikt til å varsla -plikt til å undersøkje -plikt til å setje inn tiltak.

Fylkesmannen skal handheva lovverket, og elevar og foreldre kan gå vidare til Fylkesmannen med saker som gjeld skulemiljøet. Å melde frå til Fylkesmannen er aktuelt dersom saka allereie er tatt opp med rektor, og eleven/foreldra ikkje er nøgd med korleis skulen følgjer opp saka for at eleven skal få eit trygt og godt miljø.

Sjå ellers vedlegg og link på skulen si heimeside for meir informasjon. På heimesida finn de også skulen sin visjon - ME BRYR OSS - som omhandlar at alle våre elevar skal kjenna seg trygge og trivast på skulen og på den måten få grunnlag for ei god utvikling både sosialt og fagleg.

Austebygd skule 20.09.17

Vigdis Villanger

ref.